



## Notat

Dato: 24.03.2015  
Arkivsak: 2014/21703-2  
Saksbehandlar: bernyl

---

<b>Til:</b>	Opplærings- og helseutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål vedkomande *Handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar*

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 17. mars under «Open time», der Rasmus L. Rasmussen stilte spørsmål vedkomande status for *Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar*.

Fylkestinget vedtok 12.12.2007 Handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar. Planen vart evaluert og resultatet av evalueringa lagt fram for Fylkestinget i møte 9.3.2010. Fylkesrådmannen la fram framlegg til rullering av handlingsplanen for Fylkestinget 09.12.14, sak PS82/2014.

Fylkesrådmannen la fram følgjande framlegg til vedtak:

«**Mål 1:** Alle nivå i skulesektoren i Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å utvikle eit læringsmiljø som fremjar god helse og læring for lhbt-befolkninga.

#### Tiltak:

1. Skuleeigar skal arbeide aktivt for å sjå til at lhbt-perspektivet vert følgt opp i skulane sitt førebyggjande arbeid for å fremje eit godt psykososialt læringsmiljø i samsvar med krava i § 9a i opplæringslova.
2. Skuleeigar skal sjå til at lhbt-perspektiv vert trekt inn i planlegging og samarbeid knytt til russefeiringa.
3. Skulane bør ha eit særleg fokus på nulltoleranse mot mobbing av lhbt-elevar i det generelle arbeidet ved skulen.
4. Skulane skal samarbeide aktivt med skulehelsetenesta for å spreie kunnskap og sikre heilskapleg ivaretaking av lhbt-elevar.
5. Skuleeigar skal sjå til at lhbt-perspektivet vert ivareteke i arbeidet med *Handlingsplan for helsefremjande skule 2015-2018*.

**Mål 2:** Skuleeigar skal auke og spreie kunnskap innanfor skule og utdanning om omfang og samanhengar når det gjeld trakassering og mobbing knytt til seksuell orientering og kjønnsuttrykk.

#### Fylkestinget fatta følgjande vedtak:

«Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til rullering av handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar.

Vedk. mål 2, punkt 1: Skuleeigar skal leggje til rette for kurs for skuleleiarar, lærarar og ressursteam.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeide ein generell handlingsplan mot mobbing og

diskriminering. Det betyr at denne handlingsplanen for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar vert del av den nye generelle planen.»

Fylkesdirektør opplæring har ansvar for oppfølging av tiltaka under mål 1 i vedtaket. Den delen av vedtaket som omhandlar utarbeiding av ein generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering i HFK, er forankra hjå fylkesdirektør organisasjon, som har sett i gang arbeidet. Opplæringsavdelinga vil delta i ei arbeidsgruppe som skal utarbeide den generelle planen mot mobbing og diskriminering. Siste del av vedtaket slår fast at *Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, og transpersonar* skal vere ein del av den nye generelle planen. Fylkesdirektør opplæring vil følgje opp tiltaka under mål 1, men vil vente med utsending av plandokument til ny generell plan mot mobbing og diskriminering i HFK ligg føre. Ein ny generell handlingsplan skal etter planen vere politisk ferdigstilt innan 01.01.16.